

# ÅRSMELDING FOR MYRKDALEN UNGDOMSLAG 2015

Desse var i styret:

Leiar - Karina Tveite

Skrivar - Lene Bystøl

Kasserar - Ingri Mørkve

Styremedlem - Geir Lirhus, Gunn Hirth og Simianne Jordalen

Ungdomslaget hadde i år 26 familiemedlemskap og 7 enkelt medlemskap.

Ungdomslaget hadde sju styremøter i løpet av året. Der har me bl.anna. tatt opp desse sakene: Vidare oppussing av huset, korleis laga til uteområdet, registrera Ungdomslaget i Brønnøysundregisteret, registrering i Grasrotandelen hjå Norsk tipping, tinglysa tomta rundt ungdomshuset, planlegging av arrangement.

Ungdomshuset har hatt tilsyn av brannsikringstiltak og elektrisk anlegg ved Voss Brannvern og Voss Energi. Huset vart godkjent.

Ungdomslaget skipa i år til: Påskemarknad, haustfest og førjolskaffi. Januarfest vart avlyst pga. for få påmelde.

Påskemarknaden var ein sukesess. Me hadde mange innom, endå me hadde hatt plass til fleire i år. På haustfesten hadde me spekemat i spisesalen, etterfulgt av dans oppi salen med Wannabees Duo. Mange som tok turen og svinga dansefoten. Førjolskaffien var ein koseleg kveld. Frå dei som tok turen fekk me gode tilbakemeldingar. Det var gratis kaffi og kaker, og me hadde åresal.

Aktivitetsgruppa starta opp dette året. Simianne Jordalen og Gunn Hirth har vore pådrivarar. Dei skipa i hovudsak til aktivitetar for born/bornefamiliar.

Aktivitetsgruppa i Ungdomslaget skipa i år til: Påskeverkstad, uteleik, ettermiddagskaffi, jonsokfeiring, diskotek, grendamiddag og loppemarknad, lommelykttur og nissefest.

Takk til Voss Sparebank og Myrkdalen Grunneigarlag for økonomisk støtte.

Styret